



Saksbehandlar: Anne Silje Sylvarnes, Nærings- og kulturavdelinga  
Sak nr.: 16/2811-8

## **Oppseiing av avtale mellom Fjord Norge og fylkeskommunane**

### **Fylkesrådmannen rår hovudutval for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:**

Dagens partnarskapsavtale med Fjord Norge AS vert sagt opp. Det vert innleia eit arbeid med å ting fram ei ny avtale.

#### **Vedlegg:**

- Dagens partnarskapsavtale mellom fylkeskommunane og Fjord Norge

## **SAKSFRAMSTILLING**

*Fylkesdirektøren for næring og kultur sit i Fjord Norge sitt styre. Fylkesrådmannen er difor ansvarleg for saksførebuinga.*

### **1. Bakgrunn for saka**

Fjord Norge AS er landsdelsselskapet for dei fire Vestlandsfylka. I tett samspel med destinasjonselskapa og næringa skal Fjord Norge leie det internasjonale marknadsarbeidet for Vestlandet. Fjord Norge sin visjon er å vere det mest profesjonelle og slagkraftige landsdelsselskapet i Europa. Selskapet skal posisjonere Fjord Norge som verdas mest attraktive destinasjon for natur- og opplevingsferiar.

Fjord Norge er no i ferd med å utarbeide ny strategi for arbeidet sitt som følgje av endringar i marknaden. Samtidig går fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Hordaland saman til Vestland fylkeskommune. Dette gjer at det er behov for å gjere endringar i avtala mellom fylkeskommunane og Fjord Norge. Oppseiingstida på den gjeldande avtalen er eitt år. Dvs. at ei oppseiing før nyttår i 2019 medfører at avtalen står ved lag fram til årsskiftet 2020/-21.

Gjeldande partnarskapsavtalen gjeld frå 1. januar 2016 og inntil vidare og har ei årleg ramme for partnarskapsbidrag på 3 mill. kr (2016) justert årleg med konsumprisindeksen. Jf. vedlegg.

### **2. Vurderingar og konsekvensar**

Sogn og Fjordane fylkeskommune har ein aksjepost i selskapet (74 aksjar, 8,91 %), likt med dei andre fylkeskommunane på Vestlandet. Viktigare er at vi yter tre millionar kroner (2016) i tilskot til selskapet, også dette likt for dei andre fylka. Det gir til saman vel 12 millionar kroner frå fylka til Fjord Norge AS.

Å drive internasjonal marknadsføring krev spisskompetanse og langsiktig satsing for å lukkast. Fjord Norge er eit landsdelsselskap som gjennom fleire års arbeid har vore med å gjere Vestlandet og Sogn og Fjordane kjent langt ut over våre eigne landegrenser. Deira arbeid er avgjerande for at fylket skal nå opp i konkurransen om turistane på verdsmarknaden.

Marknadsføring er i endring. Det er ikkje nok å vise fram eit fint bilde av ein stad for å trekke til seg dei turistane ein ynskjer. Ein må skape historiar, spele på det lokale og særeigne. Ein må bruke ulike strategiar avhengig av interessene til kundane. Det er ikkje lenger nok å differensiere på nasjonalitet, alder og kjønn.

På bakgrunn av dette er Fjord Norge no i ferd med å utarbeide ny strategi, i samarbeid med destinasjonsselskapa, næringa og fylkeskommunane. Når denne er klar vil det difor vere behov for ein ny avtale mellom fylkeskommunane og Fjord Norge.

Fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og i Hordaland skal no slå seg saman til Vestland fylkeskommune. Også dette gjer at det er behov for å endre avtala.

I avtala med Fjord Norge står at oppseiingstida på avtala er eitt år. Dette betyr at dersom ein skal ha ei ny avtale klar frå 1.1.2021 må ein seie opp avtala no. Det gir oss også eitt år på å forhandle fram ei ny avtale.

### **3. Konklusjon**

Fylkesrådmannen rår hovudutvalet for næring og kultur til å seie opp dagens avtale med Fjord Norge, og at det vert innleia eit arbeid saman med dei andre fylkeskommunane der ein tingar fram ei ny avtale.